



Svelgen skule /«Realen». Bygd i 1922

Nordgulen skulekrins hadde ikkje eige skulehus. Undervisninga flytta frå gard til gard, men var mest på Eikeland. Det var ein strabasiøs tur for skuleungane frå Sande og Rise og komme seg til Eikeland, spesielt vinterstid når det var is på fjorden. Dei budde i periodar på Eikeland, og låg i flatsengar på loftet.

Frå 1919 blei det nytta ei 12-mannsbrakke på Øyra til skule.

I 1922 stod det nye skulehus ferdig på Naustneset.

Huset inneheld også lærarbustad.


Etter få år auka elevtalet i Svelgen slik at det blei nødvendig med ny skule. Gamleskulen blei då kalla «Realen» fordi den blei nytta for dei elevane som gjekk på realskulen . Dette var eit toårig løp etter at ein hadde gått den obligatoriske framhaldskulen til og med 8.klasse. Dette var for dei som ville gå vidare på gymnaset.

Frå 1970 blei det innført 9-årig skule og frå 1996 starta elevane frå 6-årsalder og vi har no 10-årig obligatorisk skulegang.

Før ny ungdomsskule blei bygd (1976) blei skulen også brukt av det store ungdomskullet frå 1959 med 3 paralelle klassar.

I seinare år har «Realen» vore nytta til ulike frivillige lag og til ungdomsklubb.

Huset er no overtatt av ein Stiftelse som ønskjer å bevare huset som eit levande kulturhus.



1. Historia om Svelgen og Øyratunet
2. Rise bruk 3
3. Svelgen skule
4. Risegardane
5. Bustadutvikling
6. Folkets hus
7. Ungkarsmessa

8. Brakkehaugen
9. Nye huset til Peder Rise
10. Bakarhuset
11. Risebrua
12. Sjukestova
13. Villabakken
14. Bakketunet

15. Hus 4 og 5
16. Rustadtun
17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden
18. Sande og Risesaga
19. Elkem Bremanger
20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup
21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten

22. Fylkeskaia
23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken
24. Sandegardane
25. Skyssbåtane
26. Realen
27. Kapellet
28. Avslutning